



Arkivsaknr: 2023/10234-2
Sakshandsamar: Lennart Falkenberg-Arell
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

2. gangshandsaming av detaljreguleringsplan - Del av fv. 5486 Langhøyane - Kjobogen - PlanID 12602018000100


Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	04.09.2024
	Kommunestyret	19.09.2024

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK


Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplanen – Del av fv. 5486 Langhøyane – Kjobogen. PlanID 12602018000100, som vist på plankart sist datert 16.4.2024 og med føresegner av revisjonsdato 16.4.2024. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.

Bakgrunn

På oppdrag frå Granit Radøy AS legg Arkoconsult AS fram forslag til reguleringsplan for Del av fv. 5486 Langhøyane – Kjobogen, gbnr. 445/229 mfl. PlanID 12602018000100. Planområdet er på 9,82 daa og omfattar området vest for Manger jamfør kartutsnitt under. Vegstrekket er ca. 280 m.



Bakgrunn for planarbeidet er å utarbeide detaljregulering for veg med fortau frå Manger Industriområde ved Kjobogen til Langhøyane. Dette var også ein av forutsetningane for vidare utbygging i delfelt BI2 på Manger Industriområde. For å få godkjend planen for Manger Industriområde, Kjobogen, vart det etter krav frå Statens vegvesen (SVV) lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til delfelt BI2 som sa: Det kan ikkje førast opp nye bygg i delfelt BI2 før fylkesveg 410 er opparbeidd med fortau frå planområdet til eksisterande fortau ved Selfallet. Betring av vegen utløyser krav om detaljplan. Arbeidet med ny detaljplan skal vere ferdig før det vert gjevast ferdigattest innan BI1. Fylkesvegen hadde tidlegare vegnummer fv. 410, men dette vart endra til fv. 5486 i 2019.



Kort om planforslaget

Planen regulerer i all hovudsak ny vegtrase med fortau og avkøyrsløp til eigedom 445/75. Bustaden ligg regulert i kommunedelplanen for Radøy som LNFR tomt. Arealføremålet frå overordna plan er vidareført i detaljreguleringa. Planforslaget vert ikkje omfatta av KU-forskrifta, vurdering går fram av vedlegg 3 s. 18-22. Bilete under viser korleis eigedomen får ei tryggare tilkomst frå fylkesvegen. Raude liner viser omtrentleg plassering av ny veg.



For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. gongs handsaming i APM, som ligg vedlagt saka (11).

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for areal, plan og miljø (APM) 7.6.2023, som sak 075/23. APM vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-11.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 12.6.2023 – 11.8.2023. Det kom 0 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 5 uttalar frå offentlege høyringsinstansar.

Uttalene etter ettersyn er oppsummert og kommentert av forslagsstillar i merknadsskjema (vedlegg 9). Alle tema i uttalar frå offentlege mynde er teken til følgje.

Kommunedirektøren stetta forslagsstillar sine vurderingar.

Vurdering

Kommunedirektøren viser i all hovudsak til vurderingar gitt ved saksframlegg til 1 gongs handsaming av framlegg til plan, sjå vedlegg 11.

Trafikale forhold

Statens vegvesen uttalte seg ved offentleg ettersyn om ordlyd i føresegna og utforming av veganlegget med fortau. Forslagsstillar har endra desse i tråd med SVV sine merknadar.

Kommunedirektøren vurderer at dei trafikale forholda er tilfredsstillande sikra i framlegg til plan.

Konsekvensar for naboar

Kommunedirektøren vurderer at framlegg til reguleringsplan ikkje har nokre negative konsekvensar for naboar. Den eine bustaden innanfor planområde får fylkesvegen lengre vekk frå eigedomen og ny opparbeidd avkøyrsløse med betre sikt.

Støy og massehandtering

Statsforvaltaren i Vestland uttalte seg ved offentleg ettersyn at dei sakna ei massehandteringsplan for prosjektet og ei støyrapport som visar berekningar for støy ved

den eine bustaden som ligg i planområde. Desse rapportane er utarbeidd og ligg vedlagt planframlegget som no ligg føre. Føresegna er oppdatert for å sikra at desse høva vert ivaretekne ved bygging. Kommunedirektøren vurderer at tema støy og massehandtering er tilfredsstillande ivareteken i plan etter Statsforvaltaren i Vestland sine merknadar.

Folkehelse og universell utforming

Vestland fylkeskommune uttalte ved offentlig ettersyn at dei er positiv til utforming av veganlegget med fortau.

Kommunedirektøren vurderer at folkehelse kan verta styrka i område ved at fleire no kan gå og sykla samanhengande trygt eit lengre stykke vest for Manger. Prinsippet om universell utforming av anlegget er lagt til grunn i planen.

Naturmangfald

Kommunedirektøren viser til vurderinga av naturmangfaldet gitt ved saksframlegg til 1. gangshøyring (vedlegg 11), naturmangfaldrapport (vedlegg 4) og planskilddringa med ROS (vedlegg 3). Samla sett er vurderinga at naturmangfaldlova sine miljøprinsipp gitt ved §§ 8-12 jf. § 7 er tilfredsstillande ivareteken i planframlegget.

Konklusjon

Kommunedirektøren sluttar seg til hovudformålet med utbetring av fylkesveg med fortau og det planfaglege grepet i planforslaget. Forslaget til detaljregulering er vurdert å være tilfredsstillande og blir tilrådd vedtatt.

Vedlegg

- 1 1.Plankart_16.4.2024
- 2 2.Føresegner_16.4.2024
- 3 3.Planskilddring m ROS_16.4.2024
- 4 4.Naturmangfaldsrapport_16.3.2023
- 5 5.Støyrapport_10.11.2023
- 6 6.Massehåndteringsplan_8.3.2024
- 7 7.Vegteknisk plan_CDF_1.2.2019
- 8 8.Svar - Fråvikssøknad_31.5.2019
- 9 9.Merknadsskjerma_16.3.2023 og 16.4.2024
- 10 10. Uttaler og merknadar samla
- 11 11.Saksframlegg m vedtak 1ghs_7.6.2023